



Atila Gyorffi  
Litlevika 1  
5914 ISDALSTØ

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 18/1391 - 19/35546

Saksbehandlar:  
Ingrid Bjørge Pedersen  
Ingrid.Bjorge.Pedersen@lindas.kommune.no

Dato:  
02.12.2019

## Ferdigattest for bustad - gbnr 141/73 Kvamme nedre

### Administrativt vedtak. Saknr: 704/19

**Tiltakshavar:** Atila Gyorffi  
**Ansvarleg søkjar:** Majo Egedom AS  
**Søknadstype:** Søknad om ferdigattest etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 22.05.2018. For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.

Det vert elles vist til søknad motteken 29.11.2019.

### Skildring

Adresse:	Stølshaugane 7
Bygningstiltak:	Bustad
Bygningsnummer:	300693429
Bruksareal:	122 m <sup>2</sup>
Avlaup:	offentleg
Vatn:	offentleg
Tal på røykløp:	1

### VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-10 vert det gjeve ferdigattest for bustad på gbnr 141/73. Bygningen eller delar av den må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

### Klage



Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 18/1391

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Ingrid Bjørge Pedersen  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Atila Gyorffi	Litlevika 1	5914	ISDALSTØ
Majo Eigedom AS	Lindåsvegen 154	5916	ISDALSTØ